

## **Nordhordland Utviklingsselskap IKS - Styret si årsmelding 2017**

### **Type verksemd og lokalisering**

Nordhordland Utviklingsselskap IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik.

Strategiske planar legg til grunn at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v. Dei største prosjekta selskapet har jobba med i 2017 er Region Nordhordland Helsehus, kommunereforma og Unesco Nordhordland Biosfæreområde. Elles har selskapet jobba med andre prosjekt med mindre omfang, diverse høyringar samt ordinære / faste oppgåver for Regionrådet og Rådmannsutvalet.

### **Rekneskapsmessig resultat**

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 221 726. Styret foreslår at mindreforbruket vert avsett til pensjonsfondet. Styret ser det fornuftig å ha eit pensjonsfond for å ta årlege svingingar og for å dekkja inn framtidige pensjonskostnader.

Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane, prosjekttinntekter og eit lite driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvise bilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

### **Likestilling/HMS**

Selskapet har 7,0 årsverk pr. 31.12.2017 fordelt på fem kvinner og tre menn. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Innan HMS-området har dei tilsette til kvar tid tilbod om å kjøpa utstyr som kan betra arbeidssituasjonen til den enkelte.

### **Arbeidsmiljø**

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2017.

### **Påverknad av det ytre miljø**

Verksemda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemda si side.

### **Grunnlag for fortsatt drift**

Som det kjem fram av årsrekneskapen er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

**Knarvik, 21. mars 2018**




Håkon Matre  
Styreleiar



Arnhild Kjellewold  
Styremedlem



Kari Torkildsen Utkilen  
Styremedlem/nestleiar



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar